

Forslag til Lunner Arbeiderpartis årsmøte 22.02.2017

NAVN FORSLAGSTILLER: Hadeland AUF

Ja til samanslåing – nei til tvang

Lunner Arbeiderparti meiner at:

- Gran, Lunner og eventuelt Jevnaker bør slå seg saman.
- Ein ikkje bør slå saman kommunar med tvang.
- Ei Arbeiderparti-leda regjering bør vere klarare på kva for oppgåver kommunane skal utføre i framtida

Begrunnelse:

Storingsrepresentant Kjetil Kjenseth (V) var i Januar ute i media og opna for å slå saman kommunar på Hadeland og i Valdres med tvang. Lunner Arbeiderparti er positive til kommunesamanslåingar på Hadeland, men meiner at det er viktig at ein sånn prosess er lokalt forankra, og ikkje noko som blir dytta på lokalsamfunna ovanifrå. Dette heng saman med eit viktig demokratisk prinsipp om at avgjerdene skal takast så nær som mogleg dei som skal leve med dei. Vi trur også at ein slik prosess vil vere enklast å gjennomføre i praksis om det er innbyggjarane og deira valde representantar står bak han.

Vi er på generelt grunnlag positive til kommunesamanslåing mellom Gran og Lunner (og Jevnaker, om dei vil vere med i ein «Hadeland kommune»), fordi vi trur at Hadeland som region vil vere betre tent med å tenke som ein region, ikkje som tre einskilte kommunar. Det finst ein felles identitet som «hadelendingar», og alle tre kommunane vil møte mange av dei same utfordringane i framtida. Kommunestrukturen må vere tilpassa dei oppgåvene som kommunane skal møte i framtida. Avslutningsvis oppmodar vi ei eventuell ny Arbeiderparti-leda regjering til å vere klarare på kva for oppgåver kommunane skal utføre i framtida.

Styrets innstilling:

Forslaget avvises med følgende begrunnelse:

Lunner Ap har i sitt partiprogram for perioden besluttet å følge innbyggernes råd i den rådgivende folkeavstemmingen.